



1.37 Røfsdalen - Blæjevassbu

Ein bomveg går frå Syvde opp til Røfsdalssetra, **275 m**. Der startar stien til Blæjevassbu på **702 m**. Myklebust elveigarlag tilbyr overnatting i hytta. Stien er god, ruta er **2 km** og kan gåast på **1 time**.

Blæja, 1142 m, er høgste fjellet i Vanylven. Frå Blæjevassbu går vanlegaste ruta på sørsida av Blæjevattnet og via Blæjeskaret til topps.

Alternativ luftig rute for den som ikkje er høgderedd går via Lisjeb læja og vidare langs egga bratt opp til toppen av Blæja. Går du ned Joldalen til Lisjerøfsdalsvatnet, så får du ein rundtur.

Til høgre: Turlaget til topps på Blæja.

